



Rema 1000 Mongstad
Mongstadvegen 1050
5954 MONGSTAD

Dykkar ref.:

Vår ref.:

20/294 - 8 / KTJ

Dato:

11.12.2020

Salsløyve og skjenkeløyve - perioden 2020 - 2024

Løyve til sal og skjenking av alkohol følgjer kommunestyreperioden, på det sett at dei går ut ved utgangen av september året etter kommunestyrevalet. Det er høve til å la desse løyva gå vidare utan søknadsprosess, såframt kommunen har hatt ein gjennomgang av alkoholpolitikken.

Gjennomgangen av Alkoholpolitisk plan kom diverre seint i gang etter valet, og kommunestyret har i sak 68/20 vedteke at sals- og skjenkeløyva kan gjelda i ytterlegare tre månader. Dette er det sendt brev om til dei leverandørar som har spurt.

Kommunestyret har vedteke ein ny alkoholpolitisk plan, i sak 84/20, og med denne på plass vert det gitt forlenging av dei eksisterande sals – og skjenkeløyva utan søknadsprosess. Dei nye løyva gjeld til 30. september 2024.

Salsløyve til butikkane, for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent):

Coop Extra Mastrevik
Rema 1000 Mongstad
Spar Mongstad
Austrheim handel (Joker)

Skjenkeløyve til:

Kilstraumen Brygge, **for alkoholgruppe 1, 2 og 3**, på det areal som er godkjent tidlegare.
Arvid Hopen AS, på MS Sea More, **for alkoholgruppe 1 og 2**.

Sal (og servering der det er aktuelt) kan skje innanfor dei tider som er fastsette i forskriftera (sjå vedlegg). De kan sjølve avgjera kortare sals- og skjenketider. Det er for butikkar ikkje høve til sal av alkohol dersom butikken opnar seinare, eller stenger tidlegare, enn det som er grensene i vår forskrift.

Dersom det skjer endringar i eigarskap, må kommunen få beskjed, sidan ny eigar ikkje kan driva vidare på eksisterande løyve. Løyva kan også trekka tilbake i løpet av perioden, mellom anna dersom vilkåra som er fastsette i lov og forskrifter ikkje er oppfylte.

Nasjonale forskrifter gjeld føre vår forskrift dersom dei nasjonale er strengare, slik tilfellet er no for Korona-reglane for skjenking.

Me ser i vårt arkiv at me ikkje har fullstendig oversikt over kven som er dagleg leiar/avløysar ved alle butikkar og serveringsstader, og dette kan ha endra seg noko. Me minner om at den enkelte løyvehavar må opplysa til kommunen dersom det skjer endringar i dette, og at eventuelle prøvar kan avleggast elektronisk hjå oss. Over nyttår vil me ta ein runde og oppdatera oss på namn og liknande.

Kontroll med sals- og skjenketider med meir vert gjennomført i eit samarbeid med nabokommunane. Dette året har det ikkje vore merknader på korkje sals- eller skjenkestader.

Me beklagar igjen at det har tatt tid å få fullført dette arbeidet.

Med helsing

Ketil Tjore
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Alkoholpolitisk plan - forskrift med opningstider

Kopi til:

Kjøpmannshuset Norge AS	Postboks 380 Skøyen	0203	OSLO
Norsk Butikdrift AS (Coop)			
Ringnes AS	Postboks 7152 Majorstua	0307	OSLO

Mottakere:

Arvid Hopen AS/MS Sea More	Mastrevik	5941	AUSTRHEIM
Austrheim Handel AS		5943	AUSTRHEIM
Coop Extra Mastrevik			
Kilstraumen Brygge AS	Kilstraumen 1	5943	AUSTRHEIM
Ng Spar Vest AS Avd Spar Mongstad	Litlås	5954	MONGSTAD
Rema 1000 Mongstad	Mongstadvegen 1050	5954	MONGSTAD